

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 3

Mai 2020

Årgang 86 år

## Hjelp til brannskadde born i Etiopia!



### Vil du støtte Stefan sitt løp laurdag 6. juni?

Ungdomsarbeidaren vår, Stefan, spring 66,8 km for å samle inn pengar til å hjelpe brannskadde born i Etiopia. Dette vert årets Walk and Run i Fusa.

Vi oppmodar alle om å støtte/sponse Stefan sitt løp. Fusa sokn, Fusa Frivilligsentral og Bruktbuo sine bidrag har betydd og betyr svært mykje for arbeidet med å hjelpe brannskadde born.

#### Du kan støtte på følgjande måtar:

1. VIPPS: Søk opp Fusa sokn eller 90436
  2. Bruk Fusa sokneråd sin gåvekonto 3530 25 86215
- Merk med «Etiopia»

Les meir på side 4 og 5.

## Støtt årets Walk and Run

Kontonr. 3530 25 86215

Vipps 90436

Merk med "Etiopia"



## FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

### Fung. kyrkjevevje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

### PRIVATE TELEFONAR

#### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

#### Fung. kyrkjevevje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

#### Trusopplæring

Stefan Andre H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström 95 52 96 30

Norunn Rød Markhus Permisjon

#### Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Hans Einar Markhus Permisjon

#### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

#### Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

#### Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

#### Kyrkjetenarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

#### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

#### Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

#### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

#### REDAKSJONSNEMND:

Harald Geir Sæther

Ole Bjørn Eikeland

## Pinse og dåp



Sokneprest  
Einar Ekerhovd

Pinse og dåp høyrer saman. Pinsedåpen er kan hende det minst omtala i vår folkekyrkje. Jesus tala ofte om det. Johannes Døyparen peika fram mot det. Vi kan erfare det.

Vi lever i Andens tid. Uten den Heilage Ande er det ikkje mulig å tru eller leve som kristen. Likevel er Anden den i guddommen som dei fleste kristne veit minst om. Og likevel ikkje klarar seg utan.

I Det nye testamente talast det om tre forskjellige dåp.

Først har vi Johannesdåpen. Det var ein dåp i vatn der den som blei døpt bekjente at ein vende om frå sine synder. Det var ein omvendingsdåp som høyrde til i den gamle pakt. Mykje folk kom til Johannes og let seg døype. Så også Jesus. Sjølv om han ikkje hadde behov for omvendning, så identifiserte han seg heilt med syndarane.

Den andre dåpen er dåp i Jeus navn. Den skjedde i to perioder – før og etter krossen. Før krossen var det ein dåp der ein vedkjente seg til Jesus som Messias. Etter krossen var denne dåpen ei vedkjenning av Jesus som Frelsar. Her fekk ein del i det som Jesus vann i sin siger på korset – frelse. Denne dåpen praktiserer vi i vår kyrkje den dag i dag. Når eit barn vert boren fram i kyrkja og foreldra svarar ja ved døypefonten vert dette barnet innlemma i Guds rike og får del i alle løftene og velsigninga i dette riket. Vi døyper på Jesu befling og han ba oss døype i namnet til både Faderen, Sonen og Den heilage ande.

Men det finnes ein tredje dåp som også er knytta til den kristne dåpen – dåp i Den heilage ande. Johannes vitna om dette når han erklærte: «Eg døyper dykk med vatn til omvendning. Men han som kjem etter meg, er sterkare enn eg. Eg er ikkje eingong verdig til å ta av han sandalane. Han skal **døypa dykk med Den heilage ande og eld.**» (Matt. 3, 11)

Også Jesus tala om denne dåpen i Den heilage ande: «De skal ikkje dra bort frå Jerusalem, men venta på det som Far har lova, det som de har høyrte av meg. For Johannes døypte med vatn, men de skal **døypast med Den heilage ande** om nokre få dagar.» (Ap.g. 1,2-4)

Dette skjedde med læresveinane på pinsedagen i Jerusalem. Ei ny tid var begynt. Frå no av skulle ein ikkje berre døypast i vatn, men også med Den heilage ande. Dåpen i Anden var ein dåp med utrustning, kraft og visdom til å leve disippellivet.

I dag sit Jesus ved sidan av Faderen og sender sin Ande til mennesker på jorda. Stadig nye blir døypt gjennom vatn og ande i vår tid. Guds rike går fram og frimodige læresveiner vitnar om Guds storverk over heile jorda.

Einar Ekerhovd  
Sokneprest



## Kva skjer med GUDSTENESTENE framover?

Frå 15. mars og fram til 16. mai har vi ikkje hatt gudstenester, men 17. mai var vi i gong att med den tradisjonelle 17. maigudstenesta i Hålandsdalen kyrkje. I motsetnad til før må vi halde oss til smittevernreglane som gjeld til ei kvar tid. **DET SKAL VERE TRYGT Å GÅ TIL KYRKJE!** Vi kan maks ha 50 personar til stades i kyrkjene, men både i Hålandsdalen kyrkje, Sundvor kyrkje og Sævareid kapell må talet reduserast pga at det må vere ein meter mellom kvar person/husstand.

Vi ynskjer alle velkomne til kyrkje, men det er viktig at alle held seg til dei reglane som gjeld. Det står informasjon ved inngangen til kyrkjene. Folk må vere friske for å kunne



*Gudsteneste i Hålandsdalen kyrkje 17. mai 2020.*

delta. Det vert gitt informasjon, med plakat og/eller munnleg informasjon viss kyrkja er full. Vi håpar at folk finn vegen att til gudstenester, men

samstundes må alle respektere situasjonen om vi ikkje har lov til å slippe alle inn.

## DÅP – mange tar kontakt

Dåp vert gjennomført, for tida til vanleg med eigne dåpshandlingar. Rett etter Coronautbrotet var det fleire som avlyste dåpshandlinga, men vi ser no at mange tek kontakt att for gjennomføring av dåp. Vi finn ei løysing og dåp vert gjennomført. Vi oppmodar deg som ønskjer dåp om å ta kontakt, og vi vil leggje til rette for det. Ring 56580181 eller send e-post til [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)



## Inspirasjon - glede - oppmuntring - til ettertanke

### FØLG OSS på sosiale medier

Mange har fulgt oss på Facebook dei siste månadane, og talet har auka av både følgjarar og folk som les og høyrer det som vert lagt ut. Mange gode tilbakemeldingar!

Vi prøver å oppdatere vår heimeside og på Facebook når det gjeld gudstenester, musikkinnslag, andre tilbod og aktivitetar. Det er eit ønske frå vår side å bidra med ord, tonar og tekst som skal vere til inspirasjon, glede, oppmuntring og ettertanke. Vi reknar med at også i tida som kjem vil det stadig kome endringar frå sentralt hald som har innverknad på fleire område av vår verksemd, og dette vil vi informere om etter kvart som endringar kjem.



## VIGSEL

Også vigslar har vore gjennomført i denne perioden. Det er ikkje alle som ønskjer store samkome. Ein vigsel kan no gjennomførast med inntil 50 personar når kyrkja er stor nok (Fusa og Strandvik, noko færre i dei andre kyrkjene). Men fleire stadar har ein sett at vigsel kan gjennomførast på ein fin og økonomisk rimeleg måte berre ved å ha forlovarar og einskilde andre med seg. Ta gjerne kontakt med oss om vigsel.



# Walk and Run laurdag 6. juni 2020 – støtt Stefan sitt løp på 66,8 km!



## ALLE INNTEKTER GÅR TIL Å HJELPE BRANNSKADDE BORN I ETIOPIA!

Walk and Run har tidlegare år vore folkefestar i Fusa. Årets løp vert annleis, men vi håpar at dette også vil skape engasjement og bli ein stor fest der mange kan vere med på andre måtar – både langs vegen og i heimen – og støtte opp økonomisk med ei gåve. Stefan ønskjer sponsorar, og alle som bidreg gir ei gåve til dr Einar Eriksen sitt arbeid med brannskadde born.

### LØYPA

Stefan planlegg å springe 66,8 km, og starter ved Sundvor kyrkje om morgonen laurdag 6. juni kl.07.00.

#### Løypa ser slik ut:

-  Sundvor kyrkje til Sævareid kapell 21,1 km
-  Sævareid – Hålandsdalen kyrkje 12,8 km
-  Hålandsdalen – Eikelandsosen bedehus og vidare til Bruktbuo 9,1 km
-  Eikelandsosen – Fusa kyrkje 10,9 km
-  Fusa – Strandvik kyrkje 12,9 km

### Følgje Stefan under vegs

Målet er å kome til Bruktbuo mellom kl. 13.00 og kl.13.30.


Alle vil bli oppdatert ut over dagen på Facebook kor Stefan er, og såleis håpar vi born og vaksne vil stå langs vegen å heie Stefan fram.

### AMBISIØST MÅL!

Soknerådet sitt mål er i løpet av 2020 å samle inn kr.350.000,-! Er dette realistisk - mogleg? Vi treng di hjelp! Støtt Stefan sitt løp der alle inntekter går til brannskadde born. Viss Stefan ikkje greier å fullføre løpet, så reknar vi med at gjevarane likevel lar gåvene gå til hjelp til brannskadde born.

*Arrangør: Stefan saman med Fusa Frivilligsentral, Bruktbuo og Fusa sokneråd*

## Kvifor gjer du dette, Stefan?



**Stefan Andre Svendsen er ungdomsarbeidar i Fusa. Han er dessutan opptatt av diakoni, og har både organisert og sjølv vore med på fleire godheitsopdrag til menneske kring i Fusa. For tida organiserer han blomhelsingar til einskildmenneske kring i soknet vårt.**

**Stefan, kva er det som gjer at du vil støtte brannskadde born i Etiopia?**

Eit møte om brannskadde born i Etiopia i eit fullsett Eikelandsosen bedehus gjorde sterkt inntrykk på meg. Å sjå born som lid er frykteleg, det er berre heilt feil. Det møtet gjorde at eg gleda meg veldig til å arrangere Walk and Run og samle inn pengar til dette føremålet. Når det planlagte arrangementet vart avlyst klarte eg ikkje å leggje det heilt bak meg. Då

kom ideen om at eg kunne «ta ein for laget». Nemleg å starte ein innsamlingsaksjon der eg spring innom alle kyrkjene i soknet frå Sundvor til Strandvik, dette for å uttrykkje at alle krinsane står saman om dette.

**Kvifor med eit løp på 66,8 km?**

Tidlegare har eg mellom anna løpt halvmaraton, maraton og sykla høgdemeter tilsvarande Mont Blanc (4810 høgdemeter på litt over 17 timar). Men løpet 6.juni vert truleg den mest slitsame utfordringa til no! Når eg etter kvart i løpet må i kjellaren for å hente krefter vil motivasjonen vere dei borna som kjem til å få liva sine attende på grunn av vår innsats den dagen. Eg spring heller ikkje aleine, men saman med Jesus og heile Fusa sokn!

**Du ønskjer altså at folk økonomisk skal støtte det diakonale arbeidet med å hjelpe brannskadde born i Etiopia?**

Ja, det gjer eg jo. De som ønskjer å bidra kan anten overføre pengar til Fusa sokn sin gåvekonto 3530 25 86215 eller Vipps til 90436. Merk bidraget med «Etiopia». Det ligg også ved ein giro i bladet som de kan nytte. Takk til alle som støtter det flotte arbeidet med å hjelpe brannskadde born. Så må eg til slutt får seie at eg set utruleg pris på om de støttar meg med forbøn i oppreningsfasen og på sjølve løpsdagen. Det treng eg 😊



## Walk and Run vert annleis i år!

I staden for at vi samlast mange for å gå eller springe laurdag 6. juni, tar Stegfan eit løp på vegne av oss alle. Ikkje kva som helst løp, men det er på 66,8 kilometer, altså meir enn ein og ein halv maraton!

Kontonr. 3530 25 86215  
Vipps 90436

## ØNSKJER DU

### Å GJERE NOKO FOR Å HJELPE BRANNSKADDE BORN?

Kanskje du vil ha ditt eige løp? Kanskje du og familien skal på tur i sommar? Kanskje har du ein annan lur ide? Då kan du gjerne spørje andre om dei vil sponse/støtte deg og at dei kan gje det du samlar inn til hjelp for å operere brannskadde born i Etiopia?

**Ta kontakt med kyrkjekontoret om du ønskjer informasjon.**

### Siste nytt frå Etiopia:

## – viktig støtte frå folket i Fusa

Dei to nye sjukehusavdelingane i Hagere Mariam og Arba Minch sør i Etiopia held fram med å operere born også i Coronatida, og no med lokalt utdanna helsepersonell. Både bygginga av avdelinga og kjøp av utstyr til avdelinga i Hagere Mariam og støtte til utdanning av lokalt helsepersonell har vore blant dei prioriterte oppgåvene vi i Fusa har samla inn midlar til dei siste åra. Så alle som så langt har vore med og støtta opp om arbeidet på ein eller annan måte skal vite at arbeidet no går sin gong sjølv om

mykje også har stoppa opp i Etiopia. Dr Einar Eriksen og kona Lillian-Rose kom heim til Noreg i byrjinga av april, og arbeidet i Addis Abeba måtte trapast ned. Arbeidet i Addis er flytta til eit anna sjukehus inntil vidare.

Einar Eriksen fortel at dei ser fram til å reise ned att så snart situasjonen tillet det, men at operasjonar pågår og at han følgjer arbeidet tett. Fleire av oss i Fusa har møtt dr. Anteneh i Hagere Mariam. For kort tid sidan fekk Einar Eriksen ei hyggjeleg melding om kor takknemleg Anteneh

var for den opplæringa han har fått gjennom stiftinga for nokre år sidan. Han har bidrege til at lokalbefolkninga i eit uroleg område har fått eit godt sjukehusstilbod når ulukka inntrer, og at arbeidet framleis pågår.

Avslutningsvis seier Einar Eriksen: «Så vil vi i Children Burn & Wound Care Foundation (CBWCF) takke den enkelte av dykk i Fusa/Bjørnafjorden kommune for all den støtte og tillit dere har vist oss gjennom lang tid».

**Hirut:** Eit av borna våre, Hirut på 6 år, vart lagt inn 15. februar 2020. Ho skada seg etter lek med fyrstikkar i august 2019 og pådrog seg store sårskadar kring hofte, lår og seteregionen. Hirut vart liggjande heile 6 månadar på eit lokalt sjukehus 60 mil frå Addis Abeba. Da ho kom til avdelinga vår, var ho underernært med illeluktande bandasjar. Ho hadde ligget samankrøka i sjukehussenga i samtlege 6 månadar. 2 månadar seinare - 10. april 2020 - kunne Hirut forlate avdelinga, fri for sår og strålande glad. Hirut er ein av mange born som fekk sine liv totalt endra på avdelinga denne våren.



Brannskadde Hirut 6 år,  
er kome til sjukehuset



Hirut kviler.



Hirut ferdig operert,  
øver på å gå att.



Hirut er frisk og klar til å  
leve eit vanleg liv som barn.



# Kjeldevatn, meir enn Farris

Om alterbildet i Fusa kyrkje

*Vatn betyr liv, utan vatn ikkje noko liv*

**For 2 generasjonar sidan, dvs då Fusa kyrkje vart gjennoppbygd, med det flotte alterbilde «Kvinna ved brønnen», då var det framleis mange heimar i Fusa som hadde brønn. Nabo-borna viste meg stolt kjelda, eller brønnen der dei henta vatn til heim og til fjøs. Innlagt vatn i huset, som me tek som sjølvsagt i dag, det var ikkje vanleg i 1962.**

Tekst: Ole Bjørn Eikeland

For 70 generasjonar sidan, då Jesus sat ved brønnen og snakka med kvinna som kom for å hente vatn, då sat han ved kjelda til liv, bokstaveleg tala. Vatn betyr liv, utan vatn ikkje noko liv. Det var enno meir presserande og tydeleg i det varme Israel enn her.

Når forskarane leitar etter liv i verdsrommet, ser dei først etter vatn. Viss dei finn det minste spor av vatn i flytande form, seier dei: Her er god sjanse for liv!

Eg vil seie til dei: De reiser over bekken etter vatn. Kom til Fusa, her har me masse vatn!

Derfor har me masse liv i Fusa!

Når Jesus seier «Eg vil gje deg levande vatn» så kan det bety to ting: Enten heilt vanleg vatn, som jo er kjelde til alt liv. Men meir truleg er det at han meiner hans vatn er ekstra levande, at det gir ein ekstra livsdimensjon som du ikkje får ved å drikke Farris. Det er sikkert noko av den same tanken når borna vert døypt i vatn. Det er kjelde til ekstra liv!

Slik kan ein sitje på kyrkjebenken i Fusa, studere altertavla og få ei gratis

preike berre ved å sjå på altertavle-bilde.


Eg har mora meg ved å tenkje: Jesus ser jo ganske moderne ut, ikkje som klassisk framstilling med langt hår og skjegg. Kven liknar han på? Kven sat modell?

Kvinna, ho kan me dessverre ikkje sjå ansiktet til, men vi kan sjå på kroppen at ho er ganske ung. Ho må også vere sterk, for vatn er veldig tungt å bere. Det er dyre dropar! Kvifor var det kvinnene som måtte gjere dette tunge arbeidet?

Også i varmare strok har denne bibelforteljinga sett fanstasien i sving. Sjå på på desse tolkingane av den same teksten. Flott, ikkje sant!

Alle desse er henta frå internett, og eg kan ikkje seie om dei er altertavle eller annan dekor i kyrkja.

Kyrkjebladet har tidlegare oppfordra reisande i innland og utland til å jakte på fotomotiv med dette tema: Kvinna ved brønnen. Oppfordringa og jakta må halde fram etter korona. *Lykke til!*





Vi har framleis ikkje funne altertavle andre stadar i Noreg eller i verda med motivet «Kvinnen ved brønnen». Bli med på jakta vidare!



**SPAR** **Fusa**

Man-fre **8-21**  
 Lørdag **9-20**

**Tlf. 56582133**  
 spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig  
 handel hos Spar Fusa!**

**ASVO Fusa AS**

www.asvofusa.no  
 post@asvofusa.no  
 tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSOSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med  
 sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbriketter og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon  
 og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

**Alltid god service og rimelege prisar!**

**BYGGADMINISTRASJON  
Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
 Tlf. privat: 56 58 51 19  
 Telefax: 56 58 11 99  
 Mobil: 970 63 526  
 E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
 5649 EIKELANDSOSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
 BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**

**Hordaland A/S  
Rørteknikk /s**

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget



VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON  
 Holsundveien 285, 5642 Holmefjord  
 Telefon: 56 58 09 90 - E-post: [post@h-rt.no](mailto:post@h-rt.no)

**MALERMESTER  
ALF HJELLE & SØNN AS**

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE  
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
 Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880  
 E-post: [firmapost@alfhjellev.no](mailto:firmapost@alfhjellev.no)

VESTLANDSKE LIMTRE  
 INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD  
 Tlf./fax 56 58 07 01  
 Tlf./fax 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner  
 Limtre – beslag – takstoler – takverk

[post@vlimtreno.no](mailto:post@vlimtreno.no)

[www.vlimtreno.no](http://www.vlimtreno.no)



1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**

5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60  
 E-post: [post@lhjertnes.no](mailto:post@lhjertnes.no)  
[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

**FUSA AUTO A/S  
BILVERKSTAD****Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
 Tlf. 56 58 22 86  
 Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



[www.meca.no](http://www.meca.no)

**M E C A**

**P. H. Haugen**  
**Landhandel - Sævareid**  
**tlf. 56583110**

e-post:  
[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

**Fusa  
Ferdigbetong as**

5640 Eikelandsoesen

Betongpumping - ferdigbetong  
 sand - singel - grus  
 transport - maskinarbeid  
 betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**  
 Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
 E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)





# KONFIRMANTAR

## Fusa sokn 2020

### Sundvor kyrkje

laurdag 29. august kl. 11:00

Steffen Gjerdevik  
Hans Petter Gjørn  
Nikolai Gulholm  
Karl Ole Hauge-Breivik  
May Lene Bergesen Markhus

### Fusa kyrkje

sundag 30. august kl. 10:00

Isak Boge Bekken  
Jørgen Næss Boge  
Markus Hansen  
Kristian Næss  
Vilde-Sofie Næss  
Anders Samnøy  
Jennifer Madelen Samnøy  
Maria Skibenes  
Eline Boge Østvik

### Fusa kyrkje

sundag 30. august kl. 12:00

Birgitte Røssland Håvik  
Alexander Markhus  
Oliver Gjernes Riise  
Vetle Røseth  
Vegard Solheim  
Håvard Langhelle Straumsnes  
Ole Strøm  
Ruben Lund Øksnes

### Hålandsdalen kyrkje

laurdag 5. september kl. 11:00

Marit Andrea Rød Håland  
Iselin Koltveit  
Paul Filip Rød Lamp  
Eirik Arve Lister Midtrød  
Torstein Olderkjær  
Mia Ragnhildstveit  
Brynjar Jones Rød

### Hålandsdalen kyrkje

laurdag 5. september kl. 13:00

Sarah Øygard Eide  
Sigrid Amelia Heidal  
Natalie Helland Markhus  
Karina Midtrød  
Even Djupvik Nerhovde  
Ida Djupvik Nerhovde  
Mathias Tombre

### Strandvik kyrkje

sundag 6. september kl. 11:00

Andrea Nicole Haukefær  
Mariell Solberg  
Daniel Sundvor  
Erica Tveit  
Hanna Sandven Øvrebotten

## Påmelding KONFIRMANTAR 2021

Vi ynskjer alle ungdomar som skal konfirmerast i 2021 velkomen.

**Påmeldingsfrist er 20. juni.**

Meir informasjon og påmeldings-skjema finn du på Fusa sokn si heimeside: [kyrkja.no/fusa](http://kyrkja.no/fusa).



*Fjorårets konfirmantar  
i Hålandsdalen.*

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS

5643 STRANDVIK | strandvik.no | dukem@online.no  
56 58 21 11 | 918 44 000 | 900 12 126 | 918 18 992

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

**BYGGMESTER**  
  
**SVENN C. STORUM**

951 56 327 | [storum@fusi.no](mailto:storum@fusi.no)

**Malerfirma**

**Kenneth Samnøy**  
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38



**HERBALIFE**  
**ERNÆRING**

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspfleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: [famgang@fusi.no](mailto:famgang@fusi.no)

[www.signeg.goherbalife.com/nn-no](http://www.signeg.goherbalife.com/nn-no)



REISENE BESTILLER  
VI HOS:

# TRAVELNET

## OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os  
Tlf.: 56 30 43 00  
e-post: os@travelnet.no  
www.verden.no

Følg oss på Facebook 

## DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

## Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no  
www.solheimelektro.no





## Tønnegarden



Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord  
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

  Følg oss på facebook og instagram.



# Tombre

www.tombre.no

# SPAR

## Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

# BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no  
www.leiglandbygg.no

*Fusa og Samnanger*

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON  
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside  
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

# Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20

 SparebankenVest  
avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med  
forsikring, lån,  
sparing og plassering.

**VI ER HER**  
www.spv.no



## Norheimsund

TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: post@nhstrykk.no

**Alt i trykksaker**



# Gudstenester i Fusa sokn

31.05.2020 - 13.09.2020

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>Mai</b>				
31.05.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	1. pinsedag
<b>Juni</b>				
01.06.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2. pinsedag
07.06.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Treeiningssundagen
14.06.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	2. søndag i treeiningstida
21.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	3. søndag i treeiningstida
21.06.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	3. søndag i treeiningstida
28.06.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i treeiningstida
<b>Juli</b>				
05.07.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	5. søndag i treeiningstida
12.07.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Aposteldagen
19.07.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	7. søndag i treeiningstida
26.07.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	8. søndag i treeiningstida
29.07.	18:00	Holdhus gamle kyrkje	Kveldsgudsteneste	Olsok
<b>August</b>				
02.08.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	9. søndag i treeiningstida
09.08.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	10. søndag i treeiningstida
16.08.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	11. søndag i treeiningstida
23.08.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	12. søndag i treeiningstida
29.08.	11:00	Sundvor kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laur. e. 12. s. i treeiningstida
30.08.	10:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	13. søndag i treeiningstida
30.08.	12:00	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	13. søndag i treeiningstida
<b>September</b>				
05.09.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laur. e. 13. s. i treeiningstida
05.09.	13:00	Hålandsdalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laur. e. 13. s. i treeiningstida
06.09.	11:00	Strandvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Vingardssundagen
13.09.	15:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdoms-/familiegudsteneste	15. søndag i treeiningstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

## Frå **KYRKJEBØKENE**



### Dåp

#### Hålandsdalen kyrkje

26.04.2020 Sander Antonsen Øvsthus  
26.04.2020 Hedda Dalland Martinsen  
26.04.2020 Adrian Holmefjord Tveit



### Vigsel

#### Hålandsdalen kyrkje

28.03.2020 Oddvar Gangstø og  
Anette Emilie Tøndel

#### Fusa kyrkje

04.04.2020 Håkon Aadland og  
Sonja Helen Holmefjord



### Gravferd

#### Fusa kyrkje

28.02.2020 Haldis Jakobine Skaatun Dale, f. 03.10.1938  
15.04.2020 Endre Andreas Samnøy, f. 18.06.1944  
16.04.2020 Olav Johan Helland, f. 16.12.1949

#### Sævareid kapell

03.04.2020 Tor Bjarne Bergesen, f. 12.09.1933



# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen

## TAKK FOR GÅVE til brannskadde born

I samband med Rigmor Dalland sin 65-årsdag ønske ho seg gåve til dr Einar Eriksen sitt abreid med hjelp til brannskadde born.

Vi takkar Rigmor og dei som gav, til saman kr.4.800,-.

## FOTOKONKURRANSE 2020

I år er temaet for Fusakalenderen «Haust». Ta med deg fotoapparatet og gå ut i naturen! Det skal vere eit naturbilete frå Fusa kommune, og det må ha god kvalitet! Frist er torsdag **1. oktober 2020**.



Bileta kan sendast på e-post til [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no). Vinnaren (motivet som vert vald) vil få utbetalt kr.2.000,-. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål.

*Fusa sokneråd*



## GODHEITS- OPPDRAG

I den siste tida har vi i Fusa sokn brukt meir tid på diakonalt arbeid.

Vi har reist kring i hagar med motorsag og andre hagereskap for å stelle i hagane til dei som har meldt inn godheitsoppdrag.

Fleire kan melde inn godheitsoppdrag til Stefan på epost til [ss759@kyrkja.no](mailto:ss759@kyrkja.no) eller direkte på telefon 98421117 😊



## INNSAMLINGS- DUGNAD til barne- og ungdomsarbeidet og diakoni

Takk til alle som har gitt gåve til soknerådet sitt barne- og ungdomsarbeid og diakoni. Pga stopp i gudstenester reknar ein med eit større inntektstap i 2020, midlar som skal gå til lønsutgifter og aktivitetar for barn og unge og diakonale tiltak.

Pr 15. mai er det kome inn om lag kr. 40.000,- på innsamlingsdugnaden. Dugnaden pågår til ut mai månad. Evt gåve kan gjevast på VIPPS, søk opp Fusa sokn, eller bruk bank og Fusa sokneråd sin gåvekonto 3530 25 86215.

## FERIEAVVIKLING ved Fusa kyrkjekontor i 2020

Sokneprest Einar Ekerhovd	22.06-19.07
Kantor Iman de Zwarte	20.07-09.08
Hartvig Haugen	13.07-02.08
Stefan Andre Svendsen	29.06-26.07
Endre Tveit	29.06-19.07
Petra Dahlstrøm	06.07-02.08
Harald Geir Sæther	08.06-23.06

Det er sikrast å treffe folk på kyrkjekontoret tysdagar og torsdagar 10-14 i sommar!

## FERIEAVVIKLING ved Frivilligsentralen

Henriette Tverli Dale har ferie frå 06.07-26.07.

**Ein gjer merksam på at det kan bli endringar i ferietider.**

## Bruktbuo opnar att – støtter brannskadde born i Etiopia



Vi har opna att, og planlegg å ha vanlege opnings-tider gjennom sommaren! Vi følgjer dei nasjonale smittevernreglane.

4.-6. juni går alle inntektene til innsamlingsaksjonen for brannskadde born i Etiopia! Det vert gode tilbod! Vi gler oss til å ta i mot Stefan som spring til inntekt for aksjonen. **Kom innom oss – og støtt saka du også!**

*Bruktbuo*